



Senterpartiet
NORD-FRON

PROGRAM 2019 – 2023

Ta heile Nord-Fron i bruk!

Senterpartiet si valliste

Nord-Fron Senterparti har gode kandidatar, som alle vil gjera sitt for at Nord-Fron skal vera ein god kommune å bu i, **også** i framtida. Fleire har lang fartstid i politikken, medan andre stiller til val for fyrste gong.

Alle er opptatt av at vi skal ta i bruk heile kommunen vår, og ha tenester nær folk.



Hans Petter Solberg

Er 64 år, har 4 barn og 4 barnebarn. Utdanna agronom ved Klonas, og har i tillegg gått befalsskule etter vidaregåande. Er no gardbrukar og driv med mjølkeproduksjon, setrar på Lomsetra. Ønskjer best mogleg kommunale tenester til våre innbyggjarar. Demens-omsorga må styrkast. Utmarksressursane må utnyttast meir framover. Skogen er ein stor ressurs i kommunen. Ny skogindustri må etablerast.



Linda Myromslien

Er 54 år. Bor i Kvam og har ei voksen datter og en fostersønn på 16 år. Er utdannet hjelpeleier og førskolelærer m/ tilleggstudium innen "Grønn omsorg". Har jobbet på landbrukskontoret i Nord-Fron siden 2006, og trives godt med det. Jeg er spesielt opptatt av at barn og unge skal ha trygge og gode oppvekstvilkår, at det legges til rette for mer praktiske fag i skolen, og at det er gode rammer for forebyggende helsearbeid. Det er viktig at det blir opprettet gode og meningsfulle dagtilbud for personer med demens. Ellers vil jeg jobbe for ei positiv næringsutvikling, basert på lokale ressurser. Målet må være at det skal være attraktivt for ungdommen å flytte hjem igjen etter endt utdanning. At vi skal ha ei nøktern og forsiktig kommunal drift, som vi har råd til å opprettholde over tid.



Øyann Brandstad

Er 37 år og bor i Ruste. Jobber som gardbruker og jordbruksrådgiver. Har mastergrad i økonomi og ressursforvaltning fra NMBU. Ønsker at Nord-Fron kommune skal være en god kommune å vokse opp. Barn og unge skal ha gode barnehage- og skoletilbud, og tilbud om en meningsfylt fritidsaktivitet. Det skal være god kvalitet på helsetjenestene og eldreomsorgen. Jeg mener det er viktig å prioritere disse områda økonomisk, når kommunens budsjettmidler skal fordeles. Ellers er jeg opptatt av at det skal være gode tenester i alle delene av kommunen, for at vi skal ha bosetting i alle bygdene. Kommunen må framover ha fokus på nøktern og god økonomistyring, og ha som målsetning å redusere lånegjelda. Dette er viktig for at kommunen framover skal kunne tilby gode tenester til innbyggerne.



Johann Rusthage

Født i 1955, gift og har 3 voksne barn. Har vært gardbruker i 40 år og nå er jeg føderådsmann på andre året. Jeg vil at folk skal kunne bosette seg og skape arbeidsplasser i hele kommunen, og i hele midtdalen. Jeg vil at vi skal kunne utnytte og utvikle de naturgitte godene vi har her. Jeg vil kjempe for at den videregående skolen vår skal styrkes, de eldre og syke (demente) skal være trygge og at næringslivet skal se fordeler med å utvikle seg her.



Olav Røssum

Bur i Kvam, er 57 år, er gift og har tre voksne barn. Er utdanna sivilagronom. Arbeider som lærar i vidaregåande skule og som bonde. Vil arbeide for at kommunen skal gi gode tenester nær folk. Kommunen sin økonomi må styrkast. Gjelda må reduserast og vedlikehold må prioriterast framfor nye investeringar. Det må leggst til rette for at ungdom kan bruke si utdanning og kompetanse i Nord-Fron. Kommunen må arbeide for etablering av arbeidsplassar som foredlar lokale ressursar og råvarer.



Borgny S.Sletten

Er 45 år, har ein son og er gift med Bredo. Bur i Sødorp der vi driv gard med 75 vinterfora sau, nokre kyr og litt fjærkre. Eg er opptatt av at alle i kommunen vår skal føle dei blir høyrte, og at alle får eit tilbod dei kan leva godt med. Frivillig arbeid står hjarte mitt nær. Utan at vi stiller opp og driv lag og organisasjonar får vi eit fattigare samfunn. Eg vil og jobbe for å få ljøs i alle glas i heile kommunen og da må arbeid, og skule/barnehage vera i nærmiljøa om dei skal busette seg t.d. i Skåbu eller Kvam. Utmarksbeite er viktig for landbruket. Det er difor viktig å leggje til rette for dette, og eg vil kjempe for at beitedyra våre har det trygt og godt i beiteprioriterte områder.



Ingebjørg Jenssveen

Eg er født i 1961, har tre voksne barn og seks barnebarn. Bor i Skåbu der vi har driv mjølkeproduksjon i tredve år. Nå har sønnen overteke garden og produksjonen. Eg jobbar 60% på landbrukskontoret og 40% i Norsk Landbruksrådgiving Innlandet. For meg er det viktig å behalde levande bygder, der vi har det som skal til for at folk kan bo, arbeide og vekse opp her.



Anders Aasen Slåen

23 år og bur i Sorperoa. Født og oppvokst på gard med aktiv deltakelse i gardsdrifta på to gardar med melkeproduksjon og sauehald. Arbeider som maskinfører for Haverstad Entreprenør og studerer bygg ved Fagskolen Innlandet på deltid. Som odelsgut og framtidig planer om å overta gardsdrifta er eg opptatt av lokalmiljøet mitt og ønskjer å påverke korleis vi skal ha det i kommunen vår i åra som kjem. Levende opptatt av næring og sikre all den gode næringa vi har, samtidig som vi tenker næringsutvikling som sikrer framtidig vekst og busetjing. Ønskjer å ta heile kommunen i bruk, godt samarbeid mellom bygder, næringslivet og frivillige. Saman spelar vi kvarandre gode!



Anne Ragnhild K.Saglien

Eg er 58 modell, er gift, har 4 voksne søner og 6 barnebarn. Født og oppvokst på Dovre, men har budd i Kvam sidan 1986. Vore gardbrukar sidan eg var 17 år. Driv mjølkeproduksjon, avl og livdyrsalg på Dølafte. Seterdrift på Kvamsfjellet sidan 1987. Som attåttnæring driv eg "Kuboden" og redaktørvirksomheit. Og eg likar veldig godt hagestell, skiving og fotografering. Som politiker ønskjer eg å fremje lokalmatproduksjon frå jord til bord. Eg ønskjer at kommunen skal vera attraktiv å busette seg i for ungdommen, og da må arbeidsplassar i varetakast og skapast både på gardar og i andre næringer. Eg ønskjer og ei lokal rovdyrforvaltning, og drift på flest muleg små og mellomstore bruk.



Jan Karenstuen

Jeg er født i 1960, gift og har tre voksne barn. Bor i Ruste hvor jeg de siste 26 år har drevet med melkeproduksjon, før det var det forskjellig anleggsarbeid. Grunnen til mitt engasjement i lokalpolitikken er at jeg vil arbeide for at Nord-Fron skal bli en enda bedre kommune å vokse opp i, leve og å bli gammel i. Jeg vil arbeide for å ta vare på arbeidsplassene vi har og legge til rette for å skape nye.



Jonny Mathisen

54 år og fra Kvam. 5 voksne barn. Jobber som daglig leder i eget tømmer firma, og driver et småbruk med sau. Brenner for at det skal være liv i bygdene våre, med skole og næringsvirksomhet. Er opptatt av at spesielt unge og gamle skal ha gode og verdige forhold og vil prioritere økonomien slik at det er mulig. Vil også jobbe for at vi i Nord-Fron ikke pådrar oss mere gjeld enn vi må og det innebærer at noe må prioriteres vekk i første omgang. Vil også at kommunen og kommunestyret skal ha god kontakt med det som våre innbyggere til enhver brenner for og legge til rette for en positiv utvikling i Nord-Fron også i åra fremover.



Anna Aasen Slåen

19 år, og ferdig med tre år på studiespesialisering ved Vinstra Vidaregåande skule. Født og oppvokst i Nord Fron og stolt av det! Alltid hatt ein aktiv barndom, med fjosstell på to gardar, og mykje aktivitet innan fleire idrettar. Ønsker sjølv i framtida å drive gard, og bli boande i heimbygda mi. Opptatt av at bygdane skal leve, og eit aktivt landbruk høyrer til på bygda. God tilrettelegging for fysisk aktivitet for barn og unge er viktig, og frivillig arbeid rundt dette må verdsettast frå kommunen si side. Som representant for ungdommen, så er det vi som er framtida og våre meiningar må dermed bli høyrde!



Knut H. Iverstuen

Jeg er født og oppvokst uppi Skåbu. Er samboer. Sammen har vi tre barn 19, 17 og 11 år. Jobber som ingeniør hos Jordskifteretten på Lillehammer. Interesser i jakt og fiske. Snekring og vedlikehold av hus tar og noe tid. Har ikke politisk erfaring, men håper det kan bli lærerikt og interessant dersom jeg skulle bli valgt inn. Viktig saker for meg er: levende bygder, tenester og tilbud nær folket, aktivt landbruk og skogbruk samt satsing på, og tilrettelegging for lokal næringsutvikling.

Dei andre på lista vår er:

Anja Solberg
Ola Einar Krok
Gerd S. Aasmundstad

Line Gotie Danielsen
Trond Teigen
Ole Jonny Skaar

Solveig O. Teigen
Ole Brandvold
Sondre Elserud

Ståle Hansen

Til alle i Nord-Fron

Senterpartiet sin politikk er retta mot at vi må bruke alle dei ressursane vi har. Vi må ta heile Nord Fron i bruk. At Skåbu er "liv lågâ" og får ei positiv utvikling er viktig for heile Nord Fron. Kvam skal setjast på kartet, saman med Tverrbygda, Kvikne, Ruste, Sorperoa og Sødorp. Vi skal ha aktive grender i heile kommunen vår.

Tenester nær folk er viktig for Senterpartiet. For eksempel er heimehjelpa viktig for at eldre kan få bu heime så lenge som råd. Heimehjelpa må vera fleksibel, for at dette skal fungere i praksis.

Senterpartiet meiner at eldreomsorg, inkludert demensomsorg, treng meir ressursar.

Dette krev god økonomistyring. Nord Fron kommune må bruke færre kroner kvart år framover. Senterpartiet vil prioritere å få ned lånegjelda. Dersom lånegjelda går ned 100 millionar kroner, får vi kvart år 6.5 millionar kroner meir til drift. Det tilsvarar om lag 10 kommunale stillingar. Saman med nødvendig omstillingsarbeid, vil kommunen vera rusta for å gje gode tenester i åra som kjem.

Ein offensiv distriktpolitikk frå regjering og Storting er nødvendig for at vi skal kunne ta heile landet i bruk. Nord-Fron treng fleire arbeidsplassar. Vi må ta vare på dei vi har og legge til rette for nye. "Plåta" i Kvam må få ny trenæring i form av sagbruk eller anna næring som nyttar trevirke i sin produksjon. Dette vil vera framtidretta, grøne arbeidsplassar.

Førebyggjande helsearbeid er svært viktig mellom alle aldersgrupper. Fysisk aktivitet og sunn livsstil er grunnlaget for eit godt liv.

Senterpartiet vil at kommunen skal legge til rette for meir bruk av sang og musikk i barnehagar, skular og i eldreomsorg. Aktiv bruk av sang og musikk vil vera eit godt helsetiltak.

Som ordførarkandidat er eg opptatt av at folk blir sett og ivaretatt. Som folkevald har ein arbeidsgivar-ansvar for alle tilsette og ei ombudsrolle for kvar enkelt innbyggjar.



*Linda og Hans Petter.
Foto: Marit Sletten.*

Godt val!

Hans Petter Solberg



Senterpartiet vil ta heile Nord-Fron i bruk, med gode tenester nær folk

Senterpartiet vil ha busetnad og aktivitet i heile kommunen vår. I ei tid der samfunnet gjennomgår ei sentralisering på mange område er det viktigare enn nokon gong å oppretthalde tenester i bygdene våre.

I tettstadane Skåbu, Kvam og Vinstra må vi leggje til rette for ei god utvikling. Vi må gjera det same i alle dei andre bygdene og grendene i Nord-Fron.

Vi skal gjera det vi kan for å sikre dei arbeidsplassane vi har, og ta vare på den kompetansen som desse har.

Føresetnaden for at kommunen skal kunne gi gode tenester er ein god kommunal økonomi.

Økonomien i Nord-Fron er ikkje så god som tidlegare, og vi toler ikkje mykje meire lånegjeld nå. Senterpartiet vil ta vare på dei tenestene vi har, og utvikle dei på ein god og kostnadseffektiv måte.

Barn og unge skal ha eit best mogleg oppvekst - og utdanningstilbod, som er tilpassa den enkelte sine evner og interesser.

Dei eldre, som har kome til slutten av sitt yrkesaktive liv, og som treng bistand skal ha dei beste tilboda. Anten det er hjelp heime eller i institusjon.

Senterpartiet vil at Nord-Fron fortsatt skal vera ein eigen kommune.

Klima og miljø

Klimaet som endrar seg påverkar også oss i Nord-Fron. Kommunen må bidra på ulike måtar til at innbyggjarar og næringsliv tek sin nødvendige del av Noreg sine mål om reduserte klimautslepp.

Gjennom ulike klima-tiltak kan kommunen både spare pengar og drive haldningsskapande arbeid.

Klimaplanen i Nord-Fron kommune må følgjast opp og reviderast.

Vern gjennom bruk er den beste forma for naturvern.

Ei berekraftig utvikling av dei naturbaserte næringane våre, som reiseliv og landbruk, vil skape verdiar og ringverknader for lokalsamfunnet, samtidig som det fører til reduserte klimautslepp. Kommunen må ha ei bevisst haldning til å støtte ei slik utvikling.

Nord-Fron kommune bør oppmøde alle til å rydde rundt seg. Vi har mottaksplassar og miljøstasjonar over heile kommunen som bør nyttast. Dette må vi ha regelmessige påminningar om.

Kommunen må ha gode rutinar for ettersyn og vedlikehald av sikringstiltak mot flaum og skred.



Landbruk

Nord-Fron er ein landbrukskommune, og mykje av anna næringsliv i kommunen er avhengig av aktiviteten i landbruket.

Landbrukskontoret er viktig for landbruket i Nord-Fron. Kommunal støtte gjennom ei god rettleiingsteneste og økonomiske verkemiddel er nødvendig, mellom anna for å kunne møte alle reglar og krav som kjem frå sentralt hald. Det er viktig å ha fagfolk med på laget.

Senterpartiet vil ikkje gå inn for at gjeldande gjerdereglar skal endrast slik at ein større del av tomtearealet kring hytter og fritidsbustader i fjellområda kan gjerdast inn.

I beiteprioriterte område skal det ikkje vera rovdyr. Utmarka er ein viktig ressurs for dei som driv med husdyr i vårt distrikt. Utmarksbeite utvidar driftsgrunnlaget på garden, og mange arbeidsplasser vil bli borte om denne ressursen fell bort.

Jordvern er svært viktig for å ta vare på grunnlaget for matproduksjon. Senterpartiet vil ikkje omdisponere dyrka jord og beiteareal til andre formål. Senterpartiet vil gi kommunal støtte til dyrking av ny jord.

Senterpartiet vil legge til rette for at flest mogleg gardsbruk skal halde fram med gardsdrifta si. I kommunen vår er det mange små og mellomstore bruk som er godt drivne, og som bør halde fram med aktiv drift. Dei er viktige for at all dyrka jord skal kunne brukast, og for å ta vare på utmarksressursane i kommunen.

Landbruksfondet skal oppretthaldast.

Senterpartiet meiner at Nord-Fron kommune framleis bør ha eit eige politisk hovudutval for landbruk-, utmark- og miljø saker. Det er mellom anna viktig for at kommunen skal kunne ha eit sterkt fokus på eit felt som betyr mykje for kommunen sitt klima- og miljøarbeid.

Seterdrift er ein viktig del av historia vår og bør takast vare på. Det krev at ein tek vare på seterstular og beiteområde, og ikkje bygger hytter her. Beiting av dyr i utmark gjer at det enda finst opne landskap som syner naturen slik den har vore i mange generasjonar. Det er viktig også for reiselivet.

Kartlegging av gardsbruk som står tomme vil kunne bidra til at fleire som er interesserte i å kjøpe seg eit gardsbruk kan få ei sjanse til det.

Inn på Tunet - tenester, bær og grønsaks-produksjon og turisme kan vera gode tillegg til tradisjonell gardsdrift. Dette vil Senterpartiet arbeide for at vi kan få meir av i Nord-Fron. Senterpartiet vil arbeide for ei betre lokal forvaltning av dei områda i kommunen som er verneområde. Dette gjeld nasjonalparkane og landskapsvernområda på både sider av Gudbrandsdalen.



Barn og ungdom

Arbeidet ved Skåbu Oppvekst, for ei styrking av "entreprenørskap i skulen", må vidareførast.

Senterpartiet vil arbeide for å vidareutvikle Vinstra vidaregåande skule. Vi vil arbeide for at skulen gir tilbod i fag som næringslivet treng kompetanse i.

Nord-Fron kommune må ha læreplassar slik at elevar kan fullføre si vidaregåande opplæring i yrkesfag. Desse plassane må følgjast opp med god tilrettelegging for den enkelte eleven. I tillegg må Nord-Fron kommune arbeide for at også kommunen sitt næringsliv tilbyr nok læreplassar.

Det må leggjast til rette for at ungdom kan få gode alternative opplæringstilbod. For eksempel i bedrifter der dei kan få både praktisk og teoretisk opplæring.

Nord-Fron skal ha barnehagar i Kvam, Skåbu, Ruste og på Vinstra. Nærmiljøet må brukast aktivt og uteområda skal stimulere til fysisk aktivitet. Kommunen må sikre full barnehagedekning i Nord-Fron.

Senterpartiet vil at Nord-Fron kommune skal halde fram med å gi eit særleg tilskott til aktivitetar for barn og unge i Skåbu og i Tverrbygda, på same nivå som i dag.

Senterpartiet vil at Nord-Fron kommune skal gi eit økonomisk bidrag til bedrifter som gir ungdom mellom 16-18 år sommarjobb.

Alle barn og unge som ønskjer det skal ha eit fritidstilbod. Ungdomsklubben i Kåja, "MOT-arbeid", "Kåja Camp", kulturskule, skulemusikk og idrettslag må prioriterast.

Opningstida på helsestasjonen må tilpassast slik at ungdom kan besøke stasjonen i skuletida.



Helse og omsorg

Gode helse- og omsorgstenester betyr svært mykje. Sundheim er nå bygd ut til eit heilt nytt omsorgssenter. Det er nødvendig å legge til rette for ei god og effektiv drift av denne store sektoren.

Gode tilbud for dei som må bu på institusjon, avlastning og hjelp til dei som bur heime, og gode dagtilbod til dei som ønskjer det er viktig.

Dei som ønskjer å bu heime må kunne gjera det så lenge som råd. Det er betre for den enkelte og det er meir effektiv bruk av ressursar dersom omsorg kan vera heimebasert.

Senterpartiet vil oppretthalde legekontor to dagar i veka på Helsehuset i Skåbu.

Menneske med demens, og dei pårørande, må få eit betre tilbud, både når det gjeld dag-tilbod og tilbod i institusjon. Tenester som "Inn på Tunet" må bli ein viktig del av slik omsorg også i Nord-Fron. Eit godt opplegg med nokre få tilsette og opplevingar i trygge miljø er viktig.

Innan psykiatrien er det store og aukande utfordringar, særleg når det gjeld barn og ungdom. Mange treng ekstra oppfølging og kommunen må styrke tilbodet på dette området.

Senterpartiet vil at helsesøster-tenesta og psykiatri-tenesta skal flytte inn i nye lokalar ved sidan av legesenteret.

Senterpartiet vil oppretthalde Kvamstunet og Trivselsbadet i Kvam.



Samferdsel

Dei kommunale vegane betyr mykje for innbyggjarar og næringsliv. Godt vegvedlikehald, trafiksikring og bygging av gang- og sykkelveg er viktig for alle trafikantar, særleg dei mjuke.

Trafiksikringstiltak må prioriterast, særleg er det nødvendig med autovern på vegane over Kviknehøgda og Kvikneskogen.

Senterpartiet vil vidareføre kommunale tilskot til private vegar.

Vidare fokus på utbetring av fylkesvegane, gjennom eit godt samarbeid med fylkeskommunen, er nødvendig.

Opprusting og ombygging av FV255 mellom "Tøftebua" og "Gudbrandstugu" bør prioriterast. Det er og nødvendig med opprusting og fast dekke mellom Graupe og Omundsåa.

Dovrebanen er viktig for Gudbrandsdalen. Kryssingssporet i Kvam, som nå blir bygd, vil kunne gi fleire avgangar og eit betre tilbud for både gods- og persontrafikk. Dette må det øvast politisk press for å få til.



Foto: Terje Solberg.

Næringsliv og busetjing

Senterpartiet vil medverke til etablering av nye arbeidsplassar. Kommunen må legge til rette for næringsutvikling i alle delar av kommunen. Samtidig må vi arbeide for å ta vare på dei arbeidsplassane og den kompetanse som vi har i regionen.

Kommunen må legge til rette for at det er tilgang på næringsareal i heile kommunen.

Senterpartiet vil at byen Vinstra skal utvikla seg vidare, både som regionalt senter og som handelssenter for store delar av Gudbrandsdalen. Kommunen må legge til rette for at private aktørar innan både handel og anna næringsverksemd finn det attraktivt å etablere seg.

Senterpartiet vil aktivt følge opp tiltak frå strategirapporten « Vinstra 2046».

Senterpartiet meiner at Lomoen-området fyrst og fremst må utviklast av privat næringsliv. På bakgrunn av kommunen sin økonomiske situasjon meiner Senterpartiet det er lite aktuelt at Nord-Fron kommune skal gjera store investeringar i dette området, utanom reguleringsarbeid og infrastruktur.

I Kvam vil Senterpartiet at kommunen skal opparbeide og profilere næringsstomter med god lokalisering, både i forhold til ny E6, jernbane og Kvam sentrum.

Ny aktivitet på "fabrikkområdet" i Kvam er eit viktig mål for Senterpartiet.

Grøne arbeidsplassar som baserer seg på fornybare ressursar må prioriterast. Skogen er ein svært viktig ressurs som vi må utnytte betre.

Senterpartiet vil arbeide for meir aktivitet langs Gudbrandsdalsvegen. Kyrkjeteigen i Kvam kan bli ein viktig del av slik aktivitet, og må difor ikkje om-regulerast til andre formål enn reiselivsaktivitet.

Det bør skiltast med "Jotunheimvegen" til Skåbu frå nye E6. Det bør også skiltast slik frå rundkøyringa ved Peer Gynt kjøpesenter. Slik kan fleire turistar som skal til Jotunheimen køyre om Skåbu.

Det er viktig med tilrettelegging av gode areal for bustadbygging. Senterpartiet vil at det skal vera mogleg å bygge seg hus i alle delar av kommunen.

Kommuneøkonomi

Kommunen må ha ein god økonomi, for å kunne utføre si viktigaste oppgåve; å gi innbyggjarane gode tenester.

Nord-Fron kommune er i ein krevjande økonomisk situasjon.

Det er dei siste åra gjort store investeringar på Sundheim, i skular, barnehagar, omsorgsbustader, idrettsanlegg og kulturbygg. Dette gjer at kommunen har høg gjeld.

I åra som kjem vil det bli ei stor utfordring å halde oppe både omfang og kvalitet på tenestene. Ikkje minst reduserer bortfall av skatteinntekter frå kraftproduksjon kommunen sitt økonomiske handlingsrom.

Betaling av renter og avdrag belastar kommunen sine driftsbudsjett og reduserer kor mykje ein kan bruke til drift av skular, barnehagar og eldreomsorg.

Lånegjelda til Nord-Fron kommune vil i 2022, med nåverande økonomiplan, vera på 555 millionar kroner. Nye kommunale investeringar vil svekke kommunen sitt økonomiske handlingsrom ytterlegare.

Lånegjeld:

2015	427 mill kr	86 % av brutto driftsinntekter (*)
2019	540 mill kr	96,6 % av brutto driftsinntekter(**)
2020	548 mill kr	102,3 % av brutto driftsinntekter (**)
2021	552 mill kr	103,4 % av brutto driftsinntekter (**)
2022	555 mill kr	104,3 % av brutto driftsinntekter (**)

(*) = rekneskap (**) = budsjett/økonomiplan

Senterpartiet meiner difor at Nord-Fron kommune berre må gjera heilt nødvendige investeringar i dei neste åra.

Det er også nødvendig å gjera omstillingstiltak innan den kommunal drifta, for å møte dei økonomiske utfordringane som kommunen står framfor. Det pågåande omstillingsarbeidet som er sett i gang må vidareførast.

Kultur og frivillig arbeid

Nord-Fron har eit aktivt og rikt kulturliv som det er svært viktig å støtte opp om. Det er viktig med eit breitt tilbod innan idrett, musikk, dans og teater. Senterpartiet vil gi tilskot til slik kulturarbeid.

Det må prioriterast å gi tilskot til drift og vedlikehald av dei kultur- og idrettsanlegga som er bygd i kommunen, framfor støtte til nye anlegg.

Fron kulturskule må sikrast, slik at alle barn og unge gjennom denne kan få eit godt tilbod.

Nord-Fron kommune må bidra til rydding av råk, køyring av skiløyper og andre tiltak, slik at flest mogleg kan bruke sitt eige nærmiljø til friluftaktivitetar.

Nord-Fron har store regionale og nasjonale kulturarrangement, som er viktige for at regionen skal vera attraktiv for tilflytting, etablering og turisme. Senterpartiet vil arbeide for at alle slike arrangement blir ein viktig del av kommunen og regionen si "merkevare". Dei er viktige for å vise at vi er ein attraktiv region, med innbyggjarar som har framtidstru.

Senterpartiet vil støtte og leggje til rette for frivillig arbeid. Det er rygggrad til mykje av Nord-Fron sin kultur.

Kommunen må ha gode kommunale støtteordningar til kyrkjer og grendehus. Dei er viktige samlingspunkt i bygdene og grendene våre.



Senterungdommen

Som to av Senterpartiet sine ungdomskandidatar har vi eit spesielt ansvar for å tale ungdommen si sak både i valkampen, og i dei kommande fire åra. Det er godt å vekse opp og vera ung i Nord-Fron, men som alle andre stader meiner vi absolutt det er område vi kan bli betre på.

Helsetilbodet for ungdommen i kommunen er viktig. I dag er helsestasjonen for ungdom berre open ein time kvar torsdag. Dette er ikkje godt nok for å oppretthalde eit sikkert og godt helsetilbod for ungdom i kommunen. Senterungdommen meiner difor at helsestasjonen burde utvide opningstida si, slik at tilgjengelegheita blir betre. Både for elevar på ungdomsskulen og vidaregåande, for ungdom som bur i Skåbu og i Kvam.

Ungdommen er framtida, og skal ut i arbeid. I dag finn vi mange alternativ til utdanning og valet blir vanskeleg for mange. Kommunen, i samarbeid med både offentleg og privat næringsliv må legge til rette for meir praktisk undervisning. Vi unge lærer mykje av å sjå og prøve ut ting, ei praktisk læringsform er ofte ei betre læringsform for mange, og vil gi ein peikepinn på kva vi ønskjer å gjera i vaksen alder.

Landbruket er viktig for kommunen, vi må derfor sørge for å bygge opp under alle bønder og bidra med den hjelpa vi kan for at dei skal fortsette det viktige arbeidet som dei gjer. Vi må verne om den dyrka jorda, og sørge for at dei framleis kan drive god og lokal matproduksjon.

Samtidig må vi jobbe for å finne gode og tilrettelagte næringsareal. Vinstra har, etter at ny E6 kom, vore inne i ei enorm utvikling. Mange aktørar har vore på banen for å utvikle Vinstra, særleg i Lomoen der det har vore satsa stort. Denne utbygginga må vi jobbe for å vidareføre. For eksempel bør vi jobbe for å finne nye aktørar som vil skape nytt liv i den tidlegare sponplatefabrikken i Kvam. Fabrikklonale på Kvam bør kunne ha store moglegheiter. Ny produksjon i det store fabrikkområdet i Kvam vil kunne gi Kvam mange nye arbeidsplassar. Vi vil som ungdomspolitikarar jobbe for å kunne sjå lys og ny drift i lokala på Kvam!

Nå, når tapet av ungdomsskulen i Skåbu er ein realitet står arbeidet for å bevare barnehagen og barneskulen i Skåbu fram som svært viktig. Nord-Fron kommune må arbeide for å sikre busetjing og vekst i alle delar av kommunen. Barnehagen og barneskulen i Skåbu skal fortsatt bestå og det vil vi jobbe sterkt for å få til.

Det skjer mykje positivt i Nord-Fron

Samvirkelaget i Skåbu framstår nå i ny drakt som Skåbu Fjellhotell. Ei tung reiselivssatsing i fjellbygda Skåbu er noko vi som kommune, befolkning og politikarar bør sjå opp til, bygge oppunder og reklamere for. Aktørane som driv næring i Skåbu står tett, bygger på kvarandre og spelar kvarandre gode på dei ressursane dei har. De har fjellhotell, samvirke-lag, entreprenørar, ekte tradisjonshandverk, og saman bygger disse næringane eit sterkt miljø som drar mykje folk til bygda.

Tilrettelegging av gode idrettstilbod er noko det er satsa på i Nord-Fron. Gjennom fjoråret var vi vitne til ei enorm utbygging av hoppanlegget i Jordalen, og store deler av utbygginga skjedde jo på dugnad! Pallane Motorsenter er eit enormt anlegg for motorsport av ulike slag. Også her har store delar utbygginga gått føre seg på dugnad! Det blir med andre ord satsa stort på mange område i Nord-Fron.

Ungdommen si røyst og meining er svært viktig for å påverke lokalsamfunnet i den retninga vi vil at det skal gå. Vi i Senterungdommen ønskjer difor å oppmode alle, spesielt ungdommen, om å bruke stemmeretten.

***Vi sjåast i vallokala.
Godt val!***

Anna Aasen Slåen og Anders Aasen Slåen.



Foto: Marit Sletten.



Foto Anne Steine.

Bruk stemmeretten din! Stem Senterpartiet!



Nord-Fron Senterparti
E-post: oppland@senterpartiet.no

Møt oss på
Facebook



www.dg-trykk.no